

## MUSIKK/KULTUR GJENNOM TIDENE! Den kristne kulturen: Sen middelalder-Dante

T. S. Eliot skrev: "Dante og Shakespear deler verden mellom seg; det er ingen tredje". Dante levde på sen middelalder, og hans største verk er DEN GUDDOMMELIEGE KOMEDIEN Vi får her noen korte utdrag fra dette storslagne mesterverk. Hans ferd med Vergil, igjennom Helvetet, Skjærsilden og Himmelen.

HELVETPORTEN. INN GJENNOM MEG GÅR DE TIL JAMMERHEIMEN, INN  
GJENNOM MEG TIL ÆVA SKAPT AV VE.  
LAT ALL VON FARA, DE SOM INN LYT SKRIDE.

### HELVETET (oversettelse til nynorsk av Henrik Rytter og Sigmund Skard)

I eit slag forgard pinest kvileløse flokkar som står utanfor inndelinga av vanlege synder. Det er englar som ved opprøret i himmelen korkje valde Gud eller Satan, og sjeler som var like ynkelig halvuga i livet.

Dante vaknar, og står på den andre sida av Akeron. Ved randa av den veldige Helvettrakta, og stig med Vergil ned i første krinsen, Limbo. Stedet for udøypte born og rettferdige heidningar. Stormennene i den antikke åndsheimen vandrar på fagre enger i Limbo. Her råder dog sorg og vonlaus lengsel (etter Gud), men ikke pine.

..... "Fagne den høga skalden! Han bóri  
si ærend fram, og no han atter-vende!"  
"Sjá han med sverd i hand, som alegg valdar,  
og leier hovdingsleg den høge rei,  
det er Homer, som diktings-drott vi kallar.  
Så kjem Horats Spottskrivar, og i lag  
Ovid, Lucan, i side toga-faldar.  
Det skaldenamn dei ropa her i dag,  
gjeld eitt for oss. Med rette gjev dei ære  
åt meg: vi alle er av same slag. "

Vergil:

*diktarhovdingane  
i gamle tida*

### Song 5

Det 2. Helvetkrinsen. Ved inngangen tronar utysket Minos. Han gransker syndarsjelene, og sender kvar einskild åt sin rette stad.  
MINOS. VELLYSTIGE. FRANCESCA DA RIMINI

Slik steg eg ned fra første krins til andre.  
Han tek eit mindre rom, men samanbender  
langt større pine. Dit eg no laut vandre.  
Minos står der, og fælsleg flekkjer tenner.  
Han prøver her ved grensa syndeslaga  
og svansen etter straffa vind og vender.  
Eg meiner: når en nedstøytt sjel blir jaga  
framføre honom, må ho skrifte stå.  
Og han, som skjønar kor all synd er laga,  
Og veit den avgrunnsstad som kvar skal nå,  
slår svansen kring seg så mange ringar  
som *dei* skal krinsar ned i djupet trå.  
Og alltid nye flokkar framom svingar  
og drivst til domen ein for ein i hast.

*Domar i underverda*

Dei skriftar, lyder, og han ned dei tvingar.

-----  
"Å skald," sa ,eg, "gjev at det så seg lagar  
at eg får tala med det elskhugspar  
som der så unders lett på vinden jagar!"  
"Når stormen rek dei bortåt," lét hans svar,  
"får du dei møte. Om du på dei ropar  
ved deira elskhug, vik dei or sitt far."  
Og no, då vinden fram imot oss sopar,  
eg kallar: "Kom, de to, or øre sveimen,  
om de får styre bort or dykkar hopar!"  
Som duver dregne av sin lengt til heimen  
på vengen strak og stø til reiret hastar,  
slik dregne av mi maning gjennom eimen  
dei to or Didos følge ut seg kastar  
og stemner rakt mot oss i roket ville,  
og på mitt venerop dei hjå oss rastar.

..... Elskhug, som brått i edle hjarto brenn,  
vart kveikt av det som døden frå meg rana  
korleis *det* hende, grev mitt hjarta enn.  
Elskhug, som *båe* hjarto ljuvt vil spana,  
Så maktfull i sin dragnad inn meg snørde  
At jamvel her min lengt har ikkje svana.  
Elskhug i same død oss saman førde.  
Caína biar han som bort oss reiv."

*min fagre kropp*

..... Då tala eg: "Å nei, for bråsløkt sæle,  
for hjartans lengt, for ljuve kjærleiks glo  
som vende denne fagnad om til fæle!"  
Så til den stakkars døde, arme ho,  
Eg sa: "Francesca, sårt du må meg grøte  
mi tåre ynksamt strøymer for dykk to.  
Men den tid all ting enn var sukkar søte,  
sei, kvar fann elsken veg? Kor fekk det skje  
at dulda kjensler gav kvarandra møte?"  
..... Vi las til tidartrøyt ein dag  
om Lancelot, som trylt av elsk laut svarme.  
Uskuldig, einsleg sat vi to i lag.  
Tidt augo så i augo, ljuve, varme,  
alt med vi las, ofte rodna kinnet.  
..... Då første smil han såg på lipper linne,  
han kyste dei. Til elskhug var han lagen- .....  
Oss dåra boka, diktaren oss dåra.  
Og ikkje las vi meir, vi to, den dagen."

*pinestad djupast i  
Helvete*

*dei vart drepna av hennes  
svartsjuke mann*

*i kjærleiksromanen*

## **Song 6**

FRÅSSARAR. CIACCO ("Svinet")

Eg står i tredje krinsen av dei døde.  
Her fløymer ævleg regnet, stridt og kalt.

Det blandar i sitt kvileause fløde  
hagl, saur og snø, slik ingen får fortalt.  
Ned gjennom dimma støtt det må seg støype,  
det står en stank ufyselig av alt.  
Den ilske Kerberos, skapt til å gløype  
gøyr or tre strupar, hoggfus til å bite  
kvar sjel som søkktest ned i dette strøypet.  
Blodraudt han gløser, skjegget tafsast skite,  
diger heng vomma. Klør på svære labbar  
vil få kvar sjel og leive berre lite.

*Helvethunden*

### **Song 7**

GNIKARAR OG SLØSARAR.

FORTUNA. STYKS. VREIDE OG UGLADE (Og under mørja bublar det fra dei som lét fruktlaust mismot rana livsglede frå seg).

Ned fjerde stupet held vi fram vår ferd.  
I redslebrekka no vi foten sette,  
som ringar inn alt vondt i denne verd.  
Rettvise Gud! Kven hauga saman dette,  
kven grunda ut den ank vi her laut sjå?  
Kvi må kvar misferd straffast utan lette?  
.....med brystet skauv dei bører, skreik og masa.  
"Kvi blåheld du?" – "Kvi øyder du?" – dei skjelte.  
....."Å meister," sa eg, "dei i denne ria,  
kva folk er det? Og dei med raka skalle,  
dei var vel klerkar før, i levetida?"

### **Song 8**

FERDA OVER STYKS (den fæla myra).

HELVETBYEN DIS

### **Song 9**

ENGELEN OPNAR DIS.

ELDGRAVENE.

Den sjette krinsen, ei slette fylt av opne graver med store eldar imellom. I gravene ligger kjettarar og vantru, sekt for sekt.

..... frå høgste tårnet med den glødde tind  
tre helheims furier mot himlen raga.  
Dei lyste raudt, som var i blod dei velte.  
I hám og hátt dei var som kvinner laga.  
Kring midja giftig-grønt smaug slangebeltet.  
Hoggorm og piggorm ringla opp og ned  
Kring ville vangar i ei fælsleg elte.  
Og han som kjende desse ternar med,  
- dei tener dronningen for Helvets kvide –  
sa: Sjå erinyene, redsler tre!"

Kvar gravhaug stod i logar med ei glo  
Som ingen smelteomn kan trenge verre.

På alle graver loket ope stod,  
Og jammer steig or alle desse dike  
frå dei som låg og glødde der og no.  
Eg spurde: "Meister, kven er stengd i slike  
Steinkister inn? Kva ånder er vel dette  
Som vi høyrer sukke sårt og skrike?"  
Han svara: "Erkekjettarar er sette her, kvar med *si* sekt.

I de neste songer omtales SJØLVMORDARAR, GUDSSPOTTARAR, SVINDLARAR  
(de er kokt i tjøre), DE AVUNDSJUKE, VALDSMENN, FALSKE RÅDGIVARAR, OG  
YMSE SVIKARAR ÅGERKARAR, SIMONISTAR M.FL.

### **Song 15**

SODOMITTER. BRUNETTO LATINI

Vergil og Dante går fram etter steinkanten langs elva, då dei møter en ny flokk sjeler i eldregnet. Dei er sodomitter, syndarar som har drive utukt mot naturen.

Men det var meg dei stirde på især.  
Brått ropa ein: "Å nei, for unders hende!"  
Og treiv i kappa mi, og kom meg nær,  
og rette handa ut. Eg dit meg vende  
og augnefór hans andlet i mitt minne,  
så svidd han var. Og brått eg all ting kjende  
og visste kven det var eg no fikk finne.  
"Å, herr Brunetto, ferdast De her inne?"  
..... Så vit, at dei var klerkar, stutt å seia,  
og store lærde, priste av ei verd,  
men same synda bar dei same leia.  
Der går Priscian, så trist som alle her."

*gamal romersk grammatikar  
Samtidig jurist frå Bologna*

### **Song 19**

Den åttande Helvetkrinsen.  
STYGGEDALANE. SIMONISTAR. PAVE NICOLAUS.

"Meistar," sa eg, "kven er han der som rakar  
i lufta meir en alle hine gjer?"  
Så raudt skin ingen av dei andre stakar."  
..... Dei pinte føter kring einannan spann. (fotsolen brann på undersida)  
Så atter sukka han med jammers tåre:  
"Kva venter du du då av meg, som eg kan?  
Kom du ned i stupet, gjennom naud og fåre,  
og namnet mitt er alt du vil ha frett,  
så vit at eg har pavekåpa bore. ... Nedenunder meg er stappa alle hine,  
som selde Herrens embete før meg.

### **Song 32**

IS-SJØEN. SVIKARAR MOT ÆTT OG FEDRELAND

### **SONG 34**

SVIKARAR MOT VELGJERDSMENN. SATAN

